



PLANINITIATIV

for gnr.221 bnr 2 m.flere, Eikefet i Alver kommune

Dokumentinformasjon

Oppdragsgiver Eikefet Minerals AS

Tittel på rapport Planinitiativ

Oppdragsnavn Detaljregulering Eikefet steinbrot og kai

Oppdragsnummer 10265919-01

Utarbeida av Solveig Renslo

Oppdragsleiar Solveig Renslo

Tilgjengelighet Open

REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV
01	12.5.2025	Revidert etter oppstartsmøtet med Alver kommune	O.S.M	S.R	S.R
00	8.4.2025	Utgave til oppstartsmøtet	S.R.	L.M.L	S. R

Innhold

Nøkkelinformasjon	2
1 Formålet med planen	3
2 Gjeldande plansituasjon og føringar.....	3
2.1 Kommuneplan.....	3
2.1.1 Kommuneplanens arealdel.....	3
2.1.2 Kommunedelplan sjøareal.....	4
2.2 Gjeldande reguleringsplanar.....	4
2.3 Pågåande arbeid i influensområdet.....	6
3 Planområdet og omgjevnadene	6
3.1 Planavgrensing.....	6
3.2 Skildring av planområdet.....	8
3.2.1 Lokalisering.....	8
3.2.2 Naboar	8
3.3 Dagens bruk	9
3.3.1 Naturmangfald og naturressursar	9
3.3.2 Landskap.....	10
3.3.3 Naturfarer.....	11
3.4 Skildring av nærområdet.....	11
3.5 Stadanalyse, kart med skildring.....	12
4 Om plantiltaket.....	12
4.1 Skildring av planlagt tiltak.....	12
4.1.1 Prosessanlegget.....	13
4.1.2 Kai og skip.....	14
4.1.3 Transportband over vegen	15
4.2 Løye etter andre lovverk.....	16
5 Skildring av funksjonell og miljømessig kvalitet.....	16
6 Tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader	17
6.1 Gitt skildringa av plan- og nærområdet, samt stadanalysen, korleis påverkar planarbeidet dei eksisterande forholda?.....	17
6.2 Verknader utanfor planområdet.....	17
7 Samfunnssikkerhet	18
8 Varsling. Medverknad og samarbeid	19
9 Vurdering av om planen vert omfatta av forskrift om konsekvensutredninger	20
9.1 Tidligare utgreiingar.....	23
9.2 Oppsummering av KU-vurderingar	24
10 Vedlegg	24

Nøkkelinformasjon

Nøkkelinformasjon

Jf. forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering § 1 vil planinitiativet gjere greie for overordna premiss og omtale intensjonar for det vidare planarbeidet.

Fagkyndig plankonsulent

Firma Multiconsult ASA

Kontaktperson Solveig Renslo

E-post Solveig.Renslo@multiconsult.no

Telefon +47 901 67 167

Forslagsstillar

Firma Eikefet Minerals AS

Kontaktperson Harald André Marthinussen

E-post harald.andre.marthinussen@dcreources.no

Telefon +47 994 59 293

Hoved heimelshaver Eikefet Minerals AS

1 Formålet med planen

(jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav a)

Eksisterende prosessanlegget er svært utdatert, både på effektivitet, helse, miljø og sikkerheit. Reparasjon vil vere omfattende og forbundet med svært store kostnader. Logistikken i uttaksområdet er utilfredsstillande og lastekapasiteten til skip for dårleg. Sjølv om anlegget blir reparert, vil konkurranseevna vere svekka. Gjeldande reguleringsplan vil ikkje løyse verksemda sine behov og det er difor nødvendig å endre reguleringsplanen.

Formålet med planendringane er å leggje til rette for effektivisering og forbetring av pågåande prosessar, auke av uttaksmengde, skape tryggare arbeidsplass og lage eit meir miljøvenleg anlegg.

Planen skal leggje til rette for nytt anlegg i fjell, nytt prosessanlegg og transportband til kai og nytt kaianlegg.


2 Gjeldande plansituasjon og føringar

(jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav g)

2.1 Kommuneplan

2.1.1 Kommuneplanens arealdel

Kommuneplanen blei vedteke av den gong Lindås kommune 22.10.2019, for perioden 2019 til 2031. Planområdet er i houvudsak avsett til Råstoffutvinning og næringsbygningar. Langs fjorden er det vist eit hamneområde.




Figur 2-1 Del av kommuneplanens arealdel. Planområdetmråde er avsett til Råstoffutvinning og næringsbygninger. Kjelde: Arealplan

2.1.2 Kommunedelplan sjøareal.

Planid 2021001 I krafttredelse 23.11.2023

Kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal har i fellesskap utarbeida interkommunal plan for sjøareala i kommunane. Interkommunal plan for sjøareal (IKP Sjø) er ein plan på kommuneplannivå, jfr. kap. 9 i plan- og bygningslova (pbl.). Det er fastsett juridisk bindande arealbruk med føresegner og retningslinjer.

Gjeldande reguleringsplanar som gjeld både for land- og sjøareal vart det ikke tatt stilling til i denne planen. Planavgrensinga (IKP sjø) grenser mot gjeldande reguleringsplan, planavgrensinga (IKP sjø) går langs eksisterande reguleringsplan, sjå kartutsnitt av IKP i Figur 2-2 under.




Figur 2-2 Grense gjeldande reguleringsplan vist med stipla svart linje. Raud strek er skred- og rasfare. Grøn strek er Bevaring naturmiljø, nasjonal laksefjord. Kilde: Arealplan

2.2 Gjeldande reguleringsplanar

Eikefet og Urdal. Utviding av steinbrot. Planid 4631-1263-201107, vedteke 4.4.2019.


Formålet med planen er å legge til rette for etablering av deponi for mottak av ureine massar innanfor tidlegare steinbrot. Planen erstattar ein tidlegare plan for utviding av steinbrot som vart vedteken i 2012.



Figur 2-3 Gjeldende reguleringsplan, Eikefet og Urdal, Planid 4631-1263-201107. Kjelde: Arealplan

Eikefet - Romarheim - E39 planid 4631_1263-201203 Vedtekte 27.11.2014

Formål med planen er å legge til rette for ny europaveg, med tilhørende tilførselsvegar. Deler av tilgrensande næringsareal er teke med i planen.



Figur 2-4 Del av Eikefet-Romarheim planid 4631_1263-201203. Kjelde: Arealplan

2.3 Pågåande arbeid i influensområdet

Alver kommune la 8. april 2024 ut kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen for høyring og offentlig ettersyn. E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen inngår i satsinga på utbetra og ferjefri E39, og er ein del av nasjonal transportkorridor 4 Stavanger-Bergen-Ålesund-Trondheim, jamfør Utviklingsstrategi for ferjefri E39 (februar 2016) og Riksvegutgreiinga (mars 2015).

Planområdet strekk seg frå Flatøy til sørenden av Eikefettunnelen, ei strekning på ca. 20 km i luftlinje.

Forslaget medfører at E-39 vert flytta ut av planområdet og Eikefeltunellen vert flytta lenger nord, sjå gjeldande reguleringsplan i Figur 2-4 over.

3 Planområdet og omgjevnadene


(jf. forskriftas § 1, 2. ledd bokstav b)

3.1 Planavgrensing

Førebels planområde omfattar i hovudsak gjeldande reguleringsplan, med ei mogleg utviding mot vest (del av knuseverk) og sør for å sikra tilstrekkeleg areal til ny flytekai med tilhøyrande liner og festeanordningar.

Planområdet vil verte innskrenka i løpet av planprosessen, til berre å omfatte dei områda der det er planlagd tiltak. Ei høveleg avgrensing blir gjort i samråd med kommunen.

Område det vert varsla oppstart for, er vist i kartet under.




Figur 3-1 Førebels plangrense vist med svart stipla strek. Kjelde: Multiconsult

3.2 Skildring av planområdet.

3.2.1 Lokalisering

Området ligg ved Osterfjorden aust i Alver kommune, mellom Knarvik og Mo. Det omfattar Eikefetet og nedre del av Eikefetelva, Store-Urdal og delar av Urdalen.



Figur 3-2 Oversiktskart som syner planområdet si lokalisering langs fjorden, mellom Knarvik i sør og Mo heilt i nord. Kjelde: Vestlandskart

3.2.2 Naboar

Det er to fastboande i Eikefetdalen, ein av desse forpaktar gården nærmest anlegget. Det er to fritidbustader vest for Eikemovegen.



Figur 3-3 Kart med som viser bustader og fritidsbustader vest for prosessområdet. Kjelde: Vestlandkart

3.3 Dagens bruk

Store delar av planområdet er eit uttaksområde for stein, med tilhøyrande prosess- og utskipningsanlegg sør og i vest. Området er prega av at det har vore steinbrot i drift her sidan 1975. Det er også eit asfaltverk i området. E-39 ligg mellom prosessanlegg og kai.

Steinbrotet er delt i eit uttaksområde og eit produksjonsområde. Dagens sjakt ligg i område der uttak er avslutta, noko som gjev lange transportveggar.

Grovknust sprengstein blir lasta på dumparar og transportert til sjakt til ein knusehall, der steinen blir knust ned til mindre fraksjon, før det blir transportert vidare til ei vaskesikt. Vaskesikta vaskar ut finstoffet som blir sendt vidare til ein sykklon som tek ut filler frå finstoffet. Reinska vatn går då vidare til eit sedimenteringsbasseng, som blir tømt, før overvatn blir leidd til sjø.

Materiale som er vaska reint går vidare til etterknusing og finknusing. Sekundær/finknusing er ute i prosessområdet. Knuser og siktestasjon er delvis overbygd. Sluttproduktet blir lagra i produksjonsområdet i vest og ligg ope.

Figuren under viser transportveg frå uttaksområde til eksisterande sjakt, og driftsområde i høgre bilete.



Figur 3-4 Figur 3-5 Transportveg i eksisterande steinbrot fram til eksisterande sjakt (chute mouth) Kjelde: Eikefet Minerasl AS

3.3.1 Naturmangfald og naturressursar

Fjordområda er registrert som eit regionalt viktig gytefelt for torsk. Fjorden er del av ein nasjonal laksefjord, koplå til fjordane rundt Osterøy.

Innst i vika møtar fjorden Eikefetelva, her er det gjort registrering av den trua arten fiskemåke. Framadarten kjempespringfjør er registrert langs E 39 ved Viki. Kjelde: Naturbase.



Figur 3-6 Utsnitt som syner gytefelt, registrert fiskemåke(grått punkt) og framadart(blå sirkel). Kjelde: Naturbase

Eikefetelva er inkludert i Verneplan II for vassdrag frå 1980 med ID 064/1. Verneplanen vart vedtatt av Stortinget for å verne vassdrag mot vasskraftutbygging og andre inngrep som kan skade verneverdiane.

Den sentrale naturressursen er grus og pukk. Eikefet er eit nasjonalt viktig ressursområde for masseuttak. NGU har klassifisert førekomstane i Grus- og Pukkdatabasen som meget viktig.

3.3.2 Landskap

Landskapet er eit typisk midtre fjordlandskap med tronge dalar og fjordar, i kontrastrikt samspel med det opne kystlandskapet lenger vest og fjellområda inn mot Stølsheimen i nordaust.

Området er kjenneteikna ved dei tronge fjordromma i Ystasundet og Romarheimsfjorden og dei markerte elveeroderte dalføra Eikefetdalen og Urdalen. Dalføra har bratte og svært karakteristiske fjellsider, med steile parti utan vegetasjon. Mot dalbotnen går fjellsidene over i vegetasjonsklede rasvifter med naturleg rasvinkel på ca. 38 – 40 grader. Frå toppen av fjellsidene går terrenget over i vide fjellområde.

Sjølve Husafjellet, der massetaket føregår, er ein særprega formasjon som strekk seg til 319 m.o.h. Særpreget er knytt til dei markerte, klart definerte og avgrensa dal- og fjordromma. Landskapsrommet er avgrensa av høge fjell og øyene Padøy og Haukøy. Dei ulike romma har eit heilskapleg, lukka preg og ein visuell avgrensing i terrengformene i landskapet. Tverrsnittet av sjølve dalbotnen i begge dalføra er flat. Eikefetdalen er prega av Eikefetelva sitt løp, som trass i store masseuttak og inngrep i dalen er nokså urørt. Mektige lausmasseavsetjingar dannar markerte terrasser på fleire nivå. Elvedeltaet ved fjorden er brote av E39, steinbrotetsproduksjonsområde på Eikefet, og asfaltverket ytst mot fjorden. Urdalen er trongare og ligg høgare enn Eikefet, skjerma frå fjorden av fjellknausar og med Urdalselva meir som ein svak meandrerandebekk enn ei elv.

Steinbrotet i Husafjellet dominerar nedre deler av Urdalen. Mot fjorden stuper fjellssidene bratt i sjøen og gjer strandlina nokså utilgjengeleg. Det smale Ystasundet dannar saman med Eikefetdalen eit særprega, langstrakt landskapsrom som strekk seg innover frå fjorden mot fjellet.

3.3.3 Naturfarer

Skred

Multiconsult har i 2018 gjort ei skredfarevurdering for planområdet, i samsvar med tryggleikskrav stilt i byggt teknisk forskrift (TEK17). På bakgrunn av observasjonar i felt og steinsprangmodelleringar er det utarbeidd eit faresonekart for planområdet. Kartet viser årleg nominell sannsyn (1/100, 1/1000 og 1/5000) for steinsprang frå naturleg terreng innanfor planområdet basert på skredhistorikk, feltobservasjonane, modelleringsarbeid, samt faglege vurderingar. Dimensjonerande skredtype i området er vurdert til å vere steinsprang. I tillegg er det anvist område med fare for sørpeskred.

Flaumfare


Det vart utført flaumutrekning og flaumsonekartlegging for to vassdrag i henholdsvis Eikefet og Urdalen i samband med planarbeidet for gjeldande reguleringsplan. Det vart simulert flaumhydrogram for dei to elvene med gjentaksintervalla 20, 200 og 200 år med klimapåslag i to separate hydrauliske modellar.

Kvikkleire

Det er gjort grunnundersøkingar med boring i samband med dette planinitiativet.

3.4 Skildring av nærområdet.

På austsida av planområdet er det småskala landbruksareal, i vest renn Eikefelva som er verna som en del av verneplan for vassdrag. Planområdet er omkransa av skogkledde fjellsider, grenser i vest til Eikefetelva. Område ligg i ein dal mellom to fjell. E-39 går gjennom planområdet og i tunell gjennom fjella, sjå flyfoto og kart under.



Figur 3-7 Kart og flyfoto som syner pågåande verksemd og omgjevnadene. Kjelde: Vestlandskart

3.5 Stadanalyse, kart med skildring.

Området er allereie i bruk til formålet.

Plansaka vert ved behov supplert med stadanalyse.

4 Om plantiltaket

(jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav c, d og e)


4.1 Skildring av planlagt tiltak.

Verksemnda som held til i planområdet i dag, DC Eikefet, har konsesjon til å ta ut 200 mill tonn stein, tilsvarande 80 mill m³ (1 tonn vert her berekna til å vere ca. 0,4 m³ stein). Det gjenstår ca. 125 mill tonn, med planlagd auke av uttaksintensitet vil dette vare i ca. 35 til 40 år.

Planlagde tiltak:

- Auke i produksjonsraten frå 1,5 millionar tonn til 4 millionar tonn per år fram til 2027.
- Oppføring av eit nytt meir effektivt prosessanlegg, med innkapsling av prosesseringseiningane.
- Ny innkapsla transportbro over E-39.
- Ny flyte-kai og lasteanlegg

Prinsippsskissa i Figur 4-1 viser tiltaka under bakken, inne på gjeldande industriområde og nede ved fjorden.



Figur 4-1 Prinsippsskisse som viser underjordisk anlegg med ny sjakt, prosessanlegg i daagen med siloløysning og flytekai

4.1.1 Prosessanlegget

Nytt prosessanlegg. Produksjonen blir normalt fordelt i 3 ledd. Grovknusing skal gå føre seg inne i fjellet. Sprengstein blir transportert frå brotet og tippa i ei sjakt som fører den ned til ein hovedknusar inne i fjellhallen, det vil og vera ein lagerhall inne i fjellhall, dette for å unngå påverking av vêr.

Etter grovknusing deler produksjonen seg i etterknusing og finknusing, som vil foregå ute på eksisterande produktjonsområde. Knusarar vil bli samla i eit bygg, som blir lydisolert. Produksjonsvarer vil bli fordelte i siloar med kapasitet på 8000 m³. Dei vil vera direkte over lastelinja, slik at massane ikkje trengst å bli handterte av lastemaskin. Siktestasjonar vil bli plasserte innkapsla på toppen av siloane. Det vert også noke lagring ute.

Sist ledd er eit vindsikteanlegg vil ta ut filler frå sanden. Det vert ikkje brukt vatn i prosessen, all produksjon er tørr. Det blir berre brukt vatn for støvdemping. Det vert etablert nye sedimenteringsbasseng for å samla opp og renska overvatn før dette når sjø. Byggehøgder for siloene kan bli opp mot 45 meter. Det er planlagt å nytte naturfargar på silo og silanlegg. Konsekvensutgreiinga for landskap kan også gi nokre innspel til eigna fargeval eller andre avbøtande tiltak.

Det totale grunnareal for nye konstruksjoner er ca. 4 400 m² for siloene og ca. 600 m² for steinknuseverket. I tillegg skal det fortsatt vere kontorbygg og verkstad her.

Det er ikkje venta meir biltrafikk til området, då det vert mindre maskinbruk inne på området. Det er ikkje venteleg med meir støy, då knuseverk vert innkapsla.




Figur 4-2 Knuseanlegg, silo og lasteanlegg. Fargane er føljebels, dei vert endra. Kjelde: Eikefet Minerals AS


4.1.2 Kai og skip

Kaien kan ta imot skip opp til og med 30 000 tonn, med lengde opp til og med 175 meter. Fleire skip (minst to) kan avballastere og laste i rask rekkefølge, eit av gangen. Eksisterande lastekai ved asfaltverket blir oppgradert til dagens standard.

Planen legg til rette for 2 samankopla flytande betongplattformer. Kaien vert ca. 22 meter brei. et blir satt ut 4 stålvaierar med diameter ca. 6 cm for å feste anlegget til land. Det vil bli ei ramme ca. 12 meter under havnivå for sikker djupne for wire over fjorden, sjå Figur 4-3Figur 4-4Figur 4-5 under.




Figur 4-3 Flytekai med wire som festa til land. Kjelde: Eikefet Minerals AS




Figur 4-4 Snitt som syner dybde på vaieren, ca. 33 og 24 meter under vatnflata ved raud pil. Kjelde Eikefet Minerals AS

Peleplattformen til land består av ei gitterplate (betong) med peler. Pelene (truleg 8 peler) blir ramma ned i marint sediment til fast fjell, ein maksimal djupne på 15 m. sjå Figur 4-5Figur 4-6under.



Figur 4-5 Illustrasjon som viser båt og kai. Kjelde: Eikefet Minerals AS



Figur 4-6 Peleplattform (førebel)s yttergrensen er vist med blå strek. Kjelde: Eikefet Minerals AS

4.1.3 Transportband over veien

Steinmasser blir ført på transportband i lukka anlegg over veien, sjå Figur 4-7 under. Diameter på tunnelen blir ca. 4 meter. Den inneheld 2 transportband og gangveg for personar tilknytt steinbrotet.



Figur 4-7 Skisse som viser korleis transportband frå prosessområdet er planlagt over eksisterende E-39. Kjelde: Eikefet Minerals AS

4.2 Løyve etter andre lovverk

Tiltaket treng også løyve etter andre lovverk, dei sentrale lovverka er minerallova for bergfaglege tiltak, forureiingslova for tiltak i sjø og Kystverket for tiltak som kan påverke skipstrafikken. Ansvarleg mynde er Statsforvaltar, direktoratet for mineralforvaltning og Havnevesenet.

5 Skildring av funksjonell og miljømessig kvalitet.

Dagens løysing er anlegg i dagen utan overbygg. Det har ikkje noko avstøvingssystem. Vatn blir brukt til å vaske ut sand, vaskevattnet blir delvis reinsa for finstoff via sykklon og sedimenteringsbasseng. Resterande overvatn med finstoff, vert sleppt ut i fjorden.

Ved ny løysing blir anlegget meir konsentrert ved at prosesseringseiningane blir innebygd. Det blir installert eit avstøvingssystem, slik at det ikkje blir behov for vatn for å reinske steinmassane. Det blir laga basseng som samlar overflatevatn til reinsing før det leiast ut i sjøen.

Innkapsling av prosesseringseiningane:

- Redusert støv og støy: Innkapsling bidrar til å minimere støv og støy som kan påverke både arbeidarar og nærliggjande område.
- Betre arbeidsmiljø: Det skapar eit reinare og tryggare arbeidsmiljø for dei tilsette.
- Ryddigare anlegg

Installering av avstøvingssystem:

- Miljøvennleg: Avstøvingssystem reduserer mengda støv som sleppast ut i lufta, noko som er gunstig for miljøet.
- Helsefordelar: Reduserer risikoen for luftvegsproblem blant arbeidarar og nærliggjande bebuarar.

Avståing frå bruk av vatn til vasking:

- Vassparing: Ved å eliminere behovet for vatn til vasking, sparar ein betydelige mengder vatn, noko som er særleg viktig i område med avgrensa vassressursar.
- Redusert forureining: Mindre vassforbruk betyr mindre risiko for vassforureining, spesielt når vatnet inneheld finstoff som kan skade lokale vasskjelder.

Oppføring av regnvassamlingsbasseng:

- Sedimentering: Sedimentering av partiklar frå overvatn. Desse bassenga kan bidra til å førebyggje flaum ved å kontrollere vassmengda som sleppast ut.

Flytting av sjakta der uttaket går føre seg, gjev langt kortare transportveg for masseflyttingsmaskiner. Ved bruk av siloar, er det og mindre behov for bruk av lastemaskin i prosessanlegget.

Desse tiltaka gjer anlegget meir berekraftig og miljøvennleg, samstundes som dei betrar arbeidsforholda og minskar negative miljøpåverknader.

6 Tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader

(jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav f)

6.1 Korleis påverkar planarbeidet dei eksisterande forholda?

Tiltaka blir bygd inne på eit allereie etablert industriområde, det blir lite nye terrengingrep.

Prosessanlegget med siloer og sikteanlegg, samt ny transportbro over vegen og større flytebrygge er meir markante/synlege konstruksjonar enn eksisterande anlegg.



Figur 6-1 Anlegg med knuseverk, silo og sikt, sett frå søraust. Fargar er førebelse. Kjelde: Eikefet Minerals AS.

6.2 Verknader utanfor planområdet

Tiltaksområdet til dette prosjektet omfattar planområdet, som er identisk med gjeldande plan, tilhøve til eksisterande E39 og planlagd ny trasè for E39, dei nære landbruksområda og friluftsområda.

Influensområdet kan ha ulik utstrekning for dei ulike tema. Influensområda kan og vera ulike i dei ulike fasane i drifta av brotet.



Figur 6-2 Prosessanlegg og skip ved kai sett frå sjøen. Siktmaskinane er vist i raudt, fargen vert endra. Kjelde Eikefet Minerals AS

Det er fleire positive verknader av planforslaget som også vil ha verknad utanfor planområdet.


- Ryddigare prosessanlegg med innebygde anlegg og mindre utandørs lager.
- Mindre støv og støv
- Mindre utslepp av partiklar til vatn
- Mindre bruk av fossilt brensel
- Grøn produksjon

7 Samfunnssikkerhet

(jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav i)


Det skal i planarbeidet utarbeidast ein analyse for risiko og sårbarheit (ROS-analyse). ROS-analysen vil bidra til å identifisere uønskte hendingar som kan inntreffe, vurdere risiko og utarbeide tiltak for å redusere risiko. Trafikkulykker kan ein generelt ikkje sjå vekk frå, og til anlegget vil det vere aktuelt med noko tungtrafikk. Auke i utskipingskapasitet kan vere uønskt kjelde til støv og lys. Spreiing av støv og uønskte organismar til fjorden via ballastvatn kan ein ikkje sjå bort frå.

Det er i området registrert aktsemdsområde for kvikkleiere, flaum og skred. Multiconsult har i samband med gjeldande reguleringsplan gjort skred- og flaumberekningar. Head Energy Geo AS har gjort grunnundersøkingar i samband med bygging av siloar og andre konstruksjonar på eksisterande prosessområde. Det vert vurdert om desse kan nyttast som underlag til ROS-analysen.




Figur 7-1 Aktsomhet kart flom. Kjelde: NVE Atlas

NVEs aktsemdskart for flaum viser kva område som kan vere utsatt for flaumfare. Kartet vil aldri kunne bli heilt nøyaktig, men er godt nok til å gi ei indikasjon på kvar flaumfaren bør vurderast nærare, dersom det er aktuelt med ny utbygging. Informasjonen i kartet kan nyttast som eit første vurderingsgrunnlag i konsekvensutgreiings- og/eller risiko- og sårbarheitsanalyser knytt til kommuneplanen og for å identifisere potensielle fareområde for flaum. Dei potensielle fareområda kan leggjast til grunn ved fastsetjing av flaumomsynssoner og planføresegner.



Aktsomheitsområde for steinsprang er ein nasjonal kartserie som viser molege steinsprangutsette område på oversiktsnivå. Karta viser molege lausneområde og utløpsområde for steinsprang. Det blir gjort merksam på at areala som blir dekte av lausneområde i praksis også er utløpsområde, ettersom skred som losnar heilt øvst i eit lausneområde beveger seg gjennom nedanforliggende utløpsområde før det når utløpsområda nedanfor. Ved bruk av datasettet til analyseformål bør derfor som ein hovudregel både lausneområde og utløpsområde brukast saman.

Figur 7-2 Lausne og utlaupsområde. Kjelde: NVE Atlas



Kartet tek utgangspunkt i NGUs kart moglegheit for marin leire (prosedyren sitt steg 2), samt at det tek omsyn til terrengkriteria som er skildra i prosedyren (steg 3). Flate område langt unna skråningar, er dermed fjerna frå aktsomdskartet. Dersom planlagde tiltak ligg innanfor aktsomdksområde for kvikkleireskred, må ein gå vidare i prosedyren i NVE 1/2019. Det kan vere lokale forhold som ikkje blir fanga opp av kartet.

Figur 7-3 Aktsomhetskart kvikkleire. Kjelde: NVE atlas

Multiconsult AS har gjort granskningar knytt til flaum og steinsprang då området vart regulert i 2019. Kart som syner resultat fra steinsprangsimuleringar, flomsone og faresonekart skred fyljer med som vedlegg. Head Energy Geo AS har gjort grunnundersøkingar i samband med bygging av siloar og andre konstruksjonar på eksisterande prosessområde. Rapport følger som vedlegg.

Informasjon og tilrådingar frå undersøkingane vil takast omsyn til i den vidare detaljplanlegginga av området

8 Varsling. Medverknad og samarbeid

jf. forskriftas § 1, andre ledd bokstav k)

Tiltakshavar har i forkant av leveranse av planinitiativ hatt møte med ei rekke offentlege instansar, både Statsforvaltar, Statens vegvesen, Kystverket og Alver kommune.

Naboer vert kontakta i forkant av oppstart, slik at dei er kjend med planane før det blir kunngjort oppstart.

Allmennta, ulike instansar, organisasjonar og berørte partar vert informert skriftleg

ved oppstart og når framlegg til reguleringsplanen blir lagt ut til offentlig ettersyn.

Media og nettsider:

Informasjon om prosjektet kan følgjast på kommunens nettsider. Plandokument i samband med varsel om oppstart vert også lagt ut på Multiconsult si heimeside.

Offentleg informasjonsmøte

Kommunen tek stilling til om det er behov for offentlig møte i samband med høyring av planforslag.

Dialogmøte og samhandling med offentlege etatar

Det kan bli behov for dialogmøter med offentlege etatar for å avklare problemstillingar undervegs.

Dette er ikke eit område der barn og unge ferdes, det vert derfor ikkje planlagt tiltak særskilt retta mot denne gruppa.

9 Vurdering av om planen vert omfatta av forskrift om konsekvensutredningar

(jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav I)

I forbindelse med utarbeiding av reguleringsplanen i 2012 og i 2019 blei det utarbeid ei konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutredning etter pbl § 2 f), jf. vedlegg I punkt 2, sjå tidlegare utgriingar i kpt. 9.1 under.

Føreliggande planforslag er vurdert opp mot Kapittel 2, §§ 6–8 og 10 i forskrifta.

Vurdering av § 6:

§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:

Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:

- a. kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og [bygningssloven § 8-1](#), kommunedelplaner etter [§ 11-1](#), og områdereguleringer etter [§ 12-2](#) når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II*
- b. reguleringsplaner etter plan- og bygningssloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*
- c. tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningssloven. »*

Det er relevant å vurdere planen opp mot §6 b, jfr. Vedlegg I:

Vedlegg I	Planar og tiltak	Vurdering
30	<i>Utvidelser eller endringer av tiltak nevnt i Vedlegg I der utvidelsen eller endringen i seg selv overstiger størrelseskriteriene i vedlegget.</i>	Ikkje aktuell. Sjå vurdering under.
8	<i>a) Etablering av innlands vannveier og havner for trafikk på innlands vannveier der skip over 1 350 tonn kan seile (mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 10f)</i>	Ikkje aktuell I dag kan eit skip over 1350 seile her. I framtida vert kapasiteten auka ved at fleire skip kan ligge til kai samstundes.
19	<i>Uttak av malmer, mineraler, stein, grus, sand, leire eller andre masser dersom minst 200 dekar samlet overflate blir berørt eller samlet uttak omfatter mer enn 2 millioner m³ masse, eller uttak av torv på et område større enn 200 dekar. Mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 2a.</i>	Ikkje aktuell. Årleg uttak av masse er 1,5 mill.m ³ pr. år. Det vert ikkje teke ut meir stein enn det gjeldande konsesjonen tillet.
24	<i>Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på mer enn 15 000 m² (mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 11j).</i>	Ikkje aktuell. BI1 er ca.25,8 daa. BI3 er 31,4 daa, <u>totalt 57,4</u> daa. BRA er %50. Området kan bebygges med 28 000 m ² . Den planlagde utbygging er berekna til mellom 5-7 000 m ² .

Planarbeidet vert utarbeida etter plan-og bygningslova. Det er derfor ikkje relevant å vurdere planen opp mot § 7.

Det er relevant å vurdere planen opp mot § 8 a, jf. Vedlegg II, punkt nr.10 f, 2 a og 11 j.

Ettersom tiltaket kjem inn under vedlegg II skal det med heimel i § 8 vurderast om planen og tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jf. § 10. Dersom det vert vurdert at planen og tiltaket kan få vesentlege verknader skal planen konsekvensutgreiast, men ikkje ha planprogram eller melding.

Vurdering av § 10:

Rettleiaren «Når skal tiltak i vedlegg II konsekvensutredes? Vurdering etter § 10 i forskrift om Konsekvensutredninger» (Klima-og miljødepartementet / Kommunal-og moderniseringsdepartementet, kommentarutgave 29.06.2017) er grunnlaget for vurderingar av KU-spørsmålet. Jf. vurdering av punkt § 10 under.

Egenskaper ved planen eller tiltaket (andre ledd):

<i>a) Størrelse, planområde og utforming</i>	Aktuelt Samla areal for næringsområde er avgrensa til 57 da, og arealet er i bruk. Det vert lite terrenginngrep. Bygga i seg sjølv vert høge i
--	--

	høve til dei bygg som er der i dag og dei vert godt synleg. Det gjeld også ny kai. Samla sett vert storleik og utforming, saman med lokalisering, vurdert til å vera eigenskapar som gjev grunnlag for konsekvensutgreiing av tiltaket.
<i>b) Bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser</i>	Planen legg til rette for å vidareføre bruk av naturressursen pukkk og stein.
<i>c) Avfallsproduksjon og utslipp</i>	Aktuelt Utslepp av ballastvatn, overvatn frå pukkkverk og diffuse utslepp frå asfaltverk.
<i>d) Risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer</i>	Risikofylt industri, sjakt og sprengning. Transportvelt, frakt av sprengstoff.

Lokalisering og påverknad på omgivelsa (tredje ledd)

<i>a) Verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven</i>	Ikkje aktuelt. Eikefetelva er eit verna vassdrag, og ligg nært til industriområdet. Vurderer at det planlagde tiltaket ikkje endrar seg i retning forverring for vassdraget. Fjorden er del av en nasjonal laksefjord, koblet til fjordene rundt Osterøy. Planen legg til rette for intensivering av uttak med nye prosessanlegg som er mindre forureinande.
<i>b) Truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring og reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv</i>	Ikkje aktuelt. Det er gjort en registrering av den trua arten fiskemåke ved Eikefetelva. Steinbruddet har vært i drift lenge, og vurderer at tiltaket ikkje i nevneverdig grad vil påverke levevilkåra til arten.
<i>c) Statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985</i>	Ikkje aktuelt. Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Retningslinjene gjeld vassdragsbeltet og eit område på inntil 100 meters breidde langs sidene av desse og andre delar av nedbørfeltet som har betydning for vassdragets verneverdi. Vurderer at det planlagde tiltaket ikkje endrar seg i retning forverring for vassdraget.
<i>d) Større omdisponering av landbruks-, natur- og friluftsområder eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet</i>	Ikkje aktuelt

e) Økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet	Ikkje aktuelt. Økologisk tilstand i fjorden er god. Status kjemisk og økologisk miljømål er god. Kjemisk tilstand er udefinert. Kjelde: Vann-nett.
g) Vesentlig forurensning eller klimagassutslipp	Aktuelt. Det vil bli auke i utslepp frå skip, både til vann, luft og lys frå kaia. Auka produksjon medfører auka utslepp, men prosess med lukka anlegg gjer at det vert langt mindre støv. Sedimentasjonsbasseng vil samla overvatn. Kortare strekning med tung transport reduserer klimagassutslipp. Det er venta vesentleg reduksjon i utslepp til luft og vatn frå steinbrot og prosesseringa, men noko auke knytt til kaianlegget med utslepp til luft og vatn, samt støy, lukt og lys.
h) Risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom	Ikkje aktuelt. Områda er ras- og flaumutsatt. Det er gjort utgreiingar knytt til føreliggande plan, der områda er avklart i høve til verksemda. Området er eit aktsomheitsområde for kvikkskred. Området er avklara i høve til kvikkleire for planinitiativet ved at det er gjort undersøkelser og teke boreprøver inne på industriområdet.

Egenskaper ved virkningene (fjerde ledd):

<p><i>I vurderingen av om planen eller tiltaket kan få vesentlige virkninger og følgelig skal konsekvensutredes, skal det ses hen til virkningenes intensitet og kompleksitet, sannsynlighet for at virkningene inntreffer og når de inntreffer, varighet, hyppighet og mulighet for å reversere eller begrense dem, om virkningene strekker seg over landegrensene, samt samlede virkninger av forslaget til plan eller tiltak og andre eksisterende, godkjente eller planlagte planer eller tiltak.</i></p>
<p>Som nemd over, siloane i seg sjølv vert høge i høve til dei bygg som er der i dag og dei vert godt synleg. Det gjeld også transporttunnell over E-39 og bygging av ny flytekaia.</p> <p>Samla sett vert storleik og utforming, saman med lokalisering, vurdert til å vera eigenskapar som gjev grunnlag for konsekvensutgreiing av tiltaket. Det er imidlertid potensiale for å avgrense og dempe verknader med til dømes fargebruk.</p> <p>Dei nevnte tilhøva vert ikkje vurdert til å utløysa krav om KU samla sett i høve fjerde ledd.</p>

9.1 Tidligare utgreiingar

Plan for utviding av område for uttak av stein vart konsekvensutgreia i 2012. Uttaksområde vart då utvida til den storleiken det har i dag.

Følgande tema vart utgreiia, jfr. planomtala

- Landskapsbilete
- Nærmiljø og friluftsliv
- Naturmiljø
- Kulturmiljø

- Naturressursar
- Lokal og regional utvikling
- Tilhøve til annan planlegging

Innhald i delar av planen vart endra i 2019, då avslutta steinbrot vart omregulert til deponi.

Følgande tema vart då utgreia, jfr. planomtala:

- Naturmangfald og naturverdiar, biologi
- Skogbruk og landbruksinteresser
- Landskap
- Ureining av vatn, grunn og luft, inkludert støy
- Skildring av området og mogelege bruksområder
- Friluftsiinteresser
- Infrastruktur og sysselsetting
- Tidspektet

9.2 Oppsummering av KU-vurderingar

Med bakgrunn i vurderingar etter § 10 i KU-forskrifta, vil følgjande tema verta konsekvensutgreia:

- Landskap (§ 10, bokstav a)
- Forurensning (§10 bokstav g)

Det vert ikkje utarbeida planprogram for endra detaljreguleringsplanen, jf. KU-forskrifta § 8.

Det må vurderast om delar av rapportar frå gjeldande plan, jfr. kapittel 9.1 kan gjenbrukast.

10 Vedlegg

1. Varslingsgrense, datert 29.4.2025.
2. Faresonekart for steinsprang og skred, laga 2018
3. Flomsonekart, laga 2018
4. Steinsprangsimuleringer, utført 2018
5. Grunnundersøkelser, utført 2025.